

Styremøte i Vats Grendautval

Onsdag 06.12.12 i Vindafjordhallen kl 19:00

Desse møtte: Jon Olav Velde

Steinar Sørhus

Karin Frøland

Severin Fatland

Hilde Fadnes Hølland

Møtte ikkje: Alf Egil Vaula og Oddny Blikra

Jon Olav Velde var til stades i byrjinga av møtet for å gi vidare papir og permar som han har hatt ansvar for dei siste 4 åra. Anci Tinde frå Grannar møtte også. Ho ville skrive ei sak om Grendautvalet. Det blei ein hyggeleg prat og ho fekk også med seg overrekking av gāve til Jon Olav for den flotte innsatsen han har gjort for Vats Grendautval.

Sak 1. Adressering – namn på fylkesvegar i Vindafjord kommune

Vindafjord kommune, avdeling Areal og forvaltning (prosjektleiar Berit Hetland), har eit høyringsutkast angåande denne saka ute nå. Me i Grendautvalet er blitt spurde om å vara høyringsinstans. Frist for svar er 21. des. I dette utkaste følgjer det eit kart over forslag til namn på fylkesvegar i kommunen. Me har to namnendringar til dette og det er:

Blikravegen, vil me skal heite **Blikrabygdvegen**

Tørsdalvegen, vil me skal heite **Tørresdalvegen**

Me sender eit skriv til Vindafjord kommune med våre endringar snarast.

Sak 2. Konstituering av nytt styre

Me valde og ikkje konstituera oss sidan ikkje heile styret var tilstade.

Nytt styremøte 03.01.13 kl 19:30 i Vindafjordhallen.

For Vats Grendautval, 08.12.12

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar-